
Fra: Kristin Nielsen
Sendt: 12. februar 2015 13:13
Til: 'Erik Jacobsen'; 'OYVIND.PEDERSEN@HANSABORG.NO'
Emne: SV: Vedr. byggesak GBNR 81/39 Risøy - fritidsbustad Arkivsak ID 14/7339

Hei!

Eg sender dette svaret også til tiltakshavar Øyvind Wie Pedersen, etter ønske om ei tilbakemelding om saka.

Som det kjem fram lenger nede i den tidlegare korrespondansen, ser det ut som om saka er komplett. Eg har ikkje hatt høve til gå grundig inn i tilleggsmaterialet enda, men det ser tilstrekkeleg ut ved eit raskt overblikk.

Saka var i utgangspunktet sendt inn som ei 3-vekerssak 04.12.2014, men sidan ho hadde manglar er dette ei sak som kjem inn under 12 vekers sakshandsamingsfrist frå søknaden er komplett, jf. Plan- og bygningslova § 21-7. Så framt at saka er komplett, skal ho vere ferdighandsama innan 14.04.2015. Eg håpar likevel å kunne ferdighandsame ho innan midten av mars.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen
Rådgjevar byggesak

Fra: Erik Jacobsen [<mailto:ej@saltalshytta.no>]
Sendt: 8. februar 2015 19:06
Til: Kristin Nielsen
Emne: SV: Vedr. byggesak GBNR 81/39 Risøy - fritidsbustad Arkivsak ID 14/7339


Hei igjen

Ettersom byggesøknaden omsider ble gjort komplett slik at saken kan behandles, er det mulig å antyde når den er ferdig behandlet?

I følge postlisten ser det ut som om siste dokumenter ble tilført saken 29.12.2014. Det er mer enn 5 uker siden.

Er det søkt om spesielle dispensasjoner eller er det andre forhold som påvirker saksbehandlingstiden? Dersom dette er å regne som en ordinær byggesøknad, slik vi har trodd, håper vi på et snarlig positivt vedtak.

Med vennlig hilsen



Erik Jacobsen

Forhandler Saltdalshytta - Vestlandet

Adresse: Åsamyrane 76 / 5116 Ulset

Telefon: 979 96 627

E-post: ej@saltdalshytta.no

Fra: Kristin Nielsen [<mailto:Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>]

Sendt: 30. januar 2015 10:29

Til: Erik Jacobsen

Emne: SV: Vedr. byggesak GBNR 81/39 Risøy - fritidsbustad Arkivsak ID 14/7339

Hei!

Byggesaka på gbnr 81/39 er aktiv.

Den etterspurte tilleggsinformasjonen har blitt innsendt og vil bli gått grundig igjennom, men ved eit raskt overblikk ser det ut som om det som har kome inn er tilstrekkeleg.

Med venleg helsing



LINDÅS KOMMUNE

Kristin Nielsen

Rådgevar byggesak

Fra: Erik Jacobsen [<mailto:ej@saltdalshytta.no>]

Sendt: 28. januar 2015 16:33

Til: Kristin Nielsen

Emne: Vedr. byggesak GBNR 81/39 Risøy - fritidsbustad Arkivsak ID 14/7339

Hei


Vår kunde Øyvind Wie Pedersen har via ansvarlig søker Entreprenør Jørgen Prestegård AS sendt søknad om nybygg av hytte – type Saltdalshytta levert av oss.

Vi ser av fremdriften i saksbehandlingen at søknaden ikke har vært helt komplett.

Ansvarlig søker fikk av Lindås kommune i desember 20. januar som frist til å sende inn etterspurt tilleggsinformasjon.

Er dette kommet i orden pr. i dag, eller er det fortsatt opplysninger som mangler og som medfører at saken er arkivert/ikke aktiv?

Med vennlig hilsen

A handwritten signature in black ink that reads "Erik Jacobsen". The signature is written in a cursive style and is positioned above a horizontal line.

Erik Jacobsen

Forhandler Saltdalshytta - Vestlandet

Adresse: Åsamyrane 76 / 5116 Ulset

Telefon: 979 96 627

E-post: ej@saltdalshytta.no